

BOKN BYGÐABLAD

NR. 10 DESEMBER 1990 ÅRG. 5

UTGJEVAR: BOKN KULTURKONTOR



Det første juletre på skulehuset i Bokn

Eit minne frå barneåra
av Elisæus Vatnaland

Det var i 1897. Den nye skuleordninga i Bokn var då gjennomført etter ny krinsdeling med skulehus på Austre Bokn, på Torland og på Hognaland (Tveitane). Den nye ordninga var elles slik at der skulle vera berre to lærarar i desse tre krinsane. Den eine læraren, som og var klokkar, hadde halvparten av skulen på Hognaland attåt skulen på Torland. Den andre læraren skula og ein halvpart av skulen på Hognaland attåt skulen på Austre Bokn. På Hognaland skula kvar av lærarane to veker om gongen, og då var borna i krinsen der læraren kom frå, fri skulen. Skuleordninga var slik også då eg byrja på skulen på Hognaland i 1899.

Foreldra i Hognaland-krinsen var lite nøgd med ei slik skuleordning som dei meinte ikkje var heilt jamnstelt og like god som den var i dei andre to krinsane.

Dei to lærarane var yngre menn med kveik i seg til å gjera det beste ut av ei skuleordning med oppdeling i skule- og fritid.

I jolehelga 1895 laga lærarane til joletrefest for borna på skulehuset på Torland og på Austre Bokn. Dei hadde teke til med slike joletrefestar i andre bygder rundt ikring. Men på Hognaland skulehus vart det ingen joletrefest, truleg av di krinsen der ikkje hadde eigen lærar, slik som dei andre to krinsane hadde.

Dette, at skuleborna på Hognaland ikkje fekk joletrefest slik som på Austre Bokn og Torland, vekte misstemning både millom born og foreldra i krinsen. Ei slik tilsidesetjing tykte foreldra

gjekk for langt, og så tok dei fatt sjølve og laga til fest. Rett nok vart det noko langt ut i joleferien før dei fekk dette i stand, men joletrefest vart det. Det var mest som eit slag dugnadsarbeid.

Då foreldra som gjekk i gong med dette, hadde for lite tid på seg til å kunna reisa utanbygds og få tak i eit tre av gran eller fåra, vart dei samde om at dei skulle laga eit joletre av brake (einer). Treet vart bygd opp av brake kring ein stolpe i midten og var fint forma. Rasmus Grønnestad og Østen Tveitane gjorde meste arbeidet. Pynten på treet, utanom lysa, var og heimelaga av ymse slag papirkorger og anna utklypp av papir. Elles var treet tekt med appelsiner og store kjeksar som skulle vera til utdeling på borna ved slutten av festen.

Foreldra mine lova meg at eg skulle få vera med på denne joletrefesten, sjølv om eg ikkje hadde byrja i skulen. Eg hugsar ennå kor eg gledde meg, og denne fyrste joletrefesten var ei oppleveling som står klårt for meg ennå, så mange år etter.


Far fylgde meg på festen, og eg hugsar at skulehuset var stappfullt av folk, slik at då

borna skulle til å gå rundt joletreet, vart det mest ikkje plass til å sitja. Folka stod tett i tett langs veggene. Men joletreet midt på golvet, med masse lys og pynta noko utover det som er vanleg nå for tida, gjorde sterke inntrykk på meg. Dette var mitt første møte med joletreet.

Borna hygde seg overlag, og eg trur foreldra hygde seg mest like mykje for at dette var kome i stand. Rasmus Grønnestad hadde transportert eit lite husorgel frå Grønnestad til Hognaland, og ho Gina Grønnestad, syster hans, var der og spela på det. Dette var noko uvanleg for borna, og det sette liksom ein spiss på det heile.

Året etterpå, i 1898, laga lærarane i fellesskap til joletrefest for skuleborna på Hognaland. Treet var då eit fåretre som i førevegen hadde vore nytta både på Torland og på Austre Bokn. Joletrefesten var då, som også seinare, gild og høgtidsam, og eg har mange gode minner om desse festane frå skuleåra. Men det er likevel få minner frå dei tidlege barneåra som i dag står så klårt for meg som minnet om dette fyrste joletreet på skulehuset, og som var bygd opp av brake.

MERKEDAG DEN 11. NOVEMBER I BOKNAKYRKJA



Sundag den 11. november var på fleire måtar ein sers gild dag i kyrkja. Den var nær fullsett nede, av folk i alle aldrar. Ei stor tropp speidrarar kom inn i prosesjon. Speidararbeidet har vind i segla for tida.

Segl ja. Det som gjorde dagen heilt spesiell, var at Johannes Øvrebø gav kyrkja ei jekt, i modellstorleik sjølvsagt. Laga av hans farfar (eller var det kanhende oldefaren). Far til Johannes fekk den som liten gut i 1875. Det er noko meir ekte over dette enn om den skulle vore laga på bestilling i nåtid. Denne er laga medan det daglege liv på sjøen var segl, og i eit båtbyggjarmiljø med lange tradisjonar. Mellom anna veit me at i den store regattaen i Stavanger 3. - 8. august 1868 var ein av båtane som deltok bygd av Andreas Johannessen frå Bokn. Det var rett nok inga jekt, men ein fiskebåt 26 fot og 10 tommar lang og 8 fot og 11 tommar brei.

Sjølv om Johannes fekk takk av presten med det same, og kona hans, Ingeborg, fekk blomar, vil me også her gjerne få seie takk.

Som presten minna om i preika, det høver så ekstra med eit skip i vår kyrkje. Eit skip som symbol på vår livsseilas, der stemnen, kurser, står beint inn i Jesu famn på den fine alternatavla vår. Der det står: "Komme hid til meg alle, som arbeide og ere besværede, og jeg vil give eder hvile." (Mat. 11.28.)

Me kan jo ved synet av ei skute, tenkje på trøngen for kart og kompas, og ikkje minst ballast. Til større segl, og til friskare vind, til større vert trøngen. Dess fleire oppfinningar me gjer, til betre råd me får, til meir til meir "frigjorde" me vert. Til større vert trøngen for ei fast moralisk forankring.

"Det folk som frægt vil vera Og vinna lukka lang, Det høgt Guds ord må bera Som ljoset på sin gang." Men det er også slik at: "Kun de kan den himmelske lovsang istemme Hvis sjel har fått nåde hos Gud."

BOKN FOLKEBIBLIOTEK

OPNINGSTIDER:

TIRSDAG: 10 - 13.30

ONSDAG: 16 - 19

TORSDAG: 10 - 13.30



LESETIPS FOR VOKSNE

Ambjørnsen, Ingvar:
Den meksikanske kvinnen.

Christensen, Lars Saaby:
Bly

Hanssen, Arvid:
Fader Armod.

Heggland, Johannes:
Karjana.

Koldberg, Trine.
Jenta bak den gule stolen.

LESETIPS FOR BARN/UNGDOM

Lind, Ebba:
Operasjon rokk.

Aspeli, Vidar:
Blåbær-indianerne.

Mathisen, Mathis:
Rødrev på Mattisplassen.

Mørck, Sidsel:
Heia Gamleparken.

Hill, Eric.
Tassen sover borte.

GOD JUL OG GODT NYTT ÅR !

Helsing Linda på biblioteket





NYTT FRÅ BOKN RØDE KORS

Mye folk var møtt opp på Boknatun da ordfører Leif, etter en fin liten tale, tente lysene på julegrana.

Nisseorkester spilte julemelodier og boknerar tok hverandre i hånden og gikk rundt treet - litt yr og regn til tross.

Stornissen med hest og kjerre var også på Bokn den dagen, og alle ungene fikk pose med kakemann og annet knask. På allrommet gikk salg av varme vafler og kaffe for fullt kjør.

En liten pakkeaksjon gikk fort unna, budene føk i veret, og godt var det, for inntekten av dette pluss vaffelsalget skal gå ubeskåret til Romania-aksjonen.

Takk til Leif - til dirigent og orkester - til nisser, og kjempetakk til alle som møtte fram og støttet en god sak. Dette må da bli tradisjon.

Pakkar med klær og julegåver er nå sendt avgårde til Polen, og me vil få retta ein hjarteleg takk til alle som deltok i innsamlinga.

Bokn Røde Kors vil takka for all god støtte og oppslutning gjennom dette første året vårt, og me vil ynskja alle boknarar ei god jul og eit godt nytt år!

JULETRE/JULENEK

Kan du også i år få kjøpt hos Bokn Røde Kors hjelpekorps. Du kan få det levert på døra frå 17. desember, og me hjelper gjerne til med å setja på juletrefoten eller kappa treet til ønska størrelse. Pris: juletre - kr. 150,-
julenek - kr. 25,-

For bestilling ring Trine:
tlf. 74 84 16 eller Audhild:
tlf. 74 86 32 / 74 85 00

P.S.: Torsdag 20. desember kan du få kjøpt juletre og julenek på kaien i Føresvik - med forbehold om at ikkje alt blir selt på førehand då!

MELDING TIL MEDLEMMENE I BOKN RØDE KORS.

Årsmøtet blir holdt i månadsskiftet januar/februar, formennene og ein del styremedlemmer i dei tre styrene står på valg, og me oppfordrar alle medlemmer til å senda inn forslag på kandidatar. Desse må vera fylt 17 år og dei må sjølv sagt ha sagt ja til dette. Forslag må vera sendt leiaren av valkomiteen, Astrid Almås, innan 15. januar 1991.

Andre saker og forslag ein ynskjer tatt opp på årsmøtet må vera sendt styret i Bokn Røde Kors innan 15. desember i år.

Audhild

ORDFØRAREN HAR ORDET:

Dersom me nå i slutten av 1990 ser bakover nokre år trur eg dei fleste vil vera enige med meg i at det har skjedd mange gledelege og positive ting. Ting som kvar for seg kan kallast merkedagar i Bokn si historie.

Går me tilbake til 1987 hadde me åpninga av Boknatun med oppstart av sjukestova, mest samtidig starta Bokn fiskemottak opp produksjonen. Det var også dette året det kom skikkeleg fart i anleggsarbeida på det nye veganlegget.

I 1988 kom så åpninga av Fregasundet bru og kontakten mellom Tysvær og Bokn var knytta.

Rett før jul i fjor vart Ognøysundbrua teken i bruk og Austre Bokn vart landfast. Lenge levde me i trua på at me dette året skulle få bru nr. 3 - Boknasundbrua - i bruk. Slik det ser ut nå kan vel neppe dette skje før utpå nyåret. Men kontakten er knytta, og to-tre veker frå eller til betyr lite i denne samanheng. Skal eg prøva å gissa om kva som betyr mest for oss i Bokn når det gjeld det nye vegsambandet, trur eg svært mange ville svara brua over Boknasundet.

Det kan vel heller neppe vera tvil om at nettopp dette sundet har skapt store vanskar for kontakten og samkvemet mellom befolkninga på dei to øyane.

Mange har nok hatt bekymringar, og vel også våkenetter for sine nærmeste, som av ymse grunnar måtte kryssa sundet. Det er vel også nærmast eit under at det har gått så bra som det har.

Men sjølv om Boknasundet har vore eit hinder, og representerer ein fare vil nok heller ikkje den nye tida verta sorglaus. Me veit alle at bilen og den auka trafikken vil verta ein større fare for oss nå enn den har vore.

Ein annan ting som eg veit svært mange er opptekne av, er korleis dette nye vil påverka bygdekulturen vår.

Kan me rekna med at alt vil gå som før?

Venteleg ikkje.

Her trur eg det er svært viktig at alle gode krefter arbeider saman for å ta vare på, og vidareutvikla det me vil ha med oss inn i den nye tida me nå går imøte.

Eit kjent og kjært innslag i kvardagen vår til nå har vore ferja "Bokn". Om ganske kort tid vil denne forsvinna, og


nok eit kapittel i vår historie er avslutta. Eg vil på alles vegne få takka dei som oppigjennom åra har hatt sin arbeidsdag ombord, for god service og trygg transport. Formannskapet vil seinare markera dette med ei tilstelling.

Dei som driv handel eller annan form for service og tenester her lokalt, vil nok merka sterkare konkurranse utanfrå enn dei før har vore vane med.

Det vil nok krevjast at me er litt patriotar dersom me i framtida skal kunna oppretthalda daglegvareforretningane våre. Det er nemleg for seint å snyta seg når nasen er borte, som ordtaket seier.

GOD JUL OG GODT NYTTÅR.

Eit nyttår me ser fram til med spaning og forventning.



Helsing Leif

SPARING MED SKATTEFRADRAG

DEN MEST LØNNSOMME
SPAREFORMEN



KJELDESORTERING AV AVFALL

PÅ BOKN?


Miljøutvalet vedtok på møtet den 4. oktober at ein skulle senda ut spørjeskjema til alle husstandane for å få kartlagt interessa og behovet for kjeldesortering av avfall. Målsettingar og tiltaksplan blir så utarbeidd etter at skjemaene er komne inn.

Miljøutvalet meiner elles at ein må arbeida for å få til eit samarbeid med kommunane i Nord-Rogaland og Sunnhordland om avfallshandtering og gjenvinning av avfall. Dette kan gi arbeidsplassar lokalt.

No må me transportera störstedelen av fråsortert avfall til austlandet eller utlandet for å gjenvinna det der. Dette gir store transportkostnader. Altså kostar det pengar for kommunen å gjera nytte av dei ressursane som ligg i avfallet.

Glas er relativt greitt å senda. Ein båt kører langs kysten og fraktar det til Moss Glassverk. Me får litt att for glaset men ikkje nok til å dekka transportkostnadene ned til kai i Føresvik.

Papir og klede kan me levera på Fretex i Haugesund. Papirprisen er for liten til at det dekkjer transporten for oss.



Uherda jordbruksplast kan leverast hos Anne Grethe Miljeteig i Sveio. Det blir ikkje gitt noko for plasten da prisen går med til å dekkja transporten til neste mottakar.

Spesialavfall kan leverast hos Miljøservice Vest A/S i Haugesund. Her må ein betala for å bli kvitt varene. Prisen varierer alt etter kva vare det gjeld.

Skal ein starta opp med kjeldesortering må ein investera i lagringsutstyr (containerar) og samleutstyr. Samleutstyr kan vera containerar, igloar, stativ, sekker med påtrykt varenamn, utviding av bosstativ o.l., alt etter kva metode ein vel til innsamling. Innsamlingsmetode kan vera samlecontainerar ved forretningane. Med denne metoden får ein inn berre ca. 1/3 av avfallsfraksjonane. Større effekt får ein med å setja opp fleire stasjonar (papirbossdunk ved postkassestativa samlar godt). Ein får mest avfall utsortert når ein samlar inn ved kjelden (ved husa). Dette kan ein gjera med å dela ut sekker med påtrykt varenamn og så samla desse inn slik me elles gjer med bosset.

Lag og organiasasjonar kan godt stå for innsamlinga. Ein kan og setja ut fleire bosstativ hos kvar enkelt, eller utvida det stativet ein alt har.



Spesialavfallsstasjonen må vera betjent da dette må lagrast trygt og låsast av. Oppsamlingsstasjon for plast må og vera betjent da det er vanskeleg å sortera ut dei rette plasttypane utan ekstra kunnskap.

Som de ser kan kjeldesortering løysast på mange ulike måtar. Kva som er best for oss kan de no vera med å seia noko om ved å fylla ut spørjeskjemaet og returnera det til kommunen.

Ein reknar med at bossplassen på Jøsang er stor nok til minst år 2000 slik me no brukar han. Ekspertane meiner at ca. halvparten av avfallet kan sorterast ut og gjenvinnast. Med å kjeldesortera sparar me plass slik at ein får utsett opparbeiding av ny avfallslass ei tid framover. Tenkjer me langt nok fram er det ikkje sikkert at me taper på kjeldesortering.

Ein må og rekna med at kommunane blir pålagt å kjeldesortera om ei tid. No er det opp til oss.

Sekretären i miljøutvalet

PARTIA NOMINERER

Så er det tid for kommuneval att i 1991. Bygdabladet vil presentera partia sine kandidatar etter kvart som dei er klare med nominasjonane. Til nå er det berre Bokn Arbeiderparti som er klare med sine kandidatar:

- | | |
|---------------------|----------------------------|
| 1. Ove Alvestad | 11. Jakob Torland |
| 2. Else Kjellesvik | 12. Sigmund Våge |
| 3. Birger Lindanger | 13. Jonne Holm |
| 4. Ingjerd Thuestad | 14. Arvid Jøsang |
| 5. Gunnar Bokneberg | 15. Trond Kjetil Lindanger |
| 6. Solveig Ørjansen | 16. Erna Aksdal |
| 7. Gustav Solberg | 17. Kjell Blikshavn |
| 8. Marie Faye | 18. Helge Solberg |
| 9. Jardar Havikbotn | 19. Bjørn Aarsand |
| 10. Marit Markhus | |

STADNAMN I BOKN

DAGSLAND

Denne garden er beint fram kalla opp etter mannsnamnet "Dag" og tyder "Dags lende". Kven Dag var, veit me sjølsagt ikkje noko om. Kansjevar det rydningskallen sjølv. I det minste har det ikkje levd nokon Dag på garden dei siste fem hundre åra. Garden er elles av dei mellomstore og sikkert eit par tusen år og gjerne eldre. Det ligg nær å tenkja seg at dei mykje mindre grannegardane Augland og Torland er skilde ut frå han.

I motsetnad til desse to gardane, gjekk Dagsland aldri or bondeeige. I tidleg reformatorisk tid var han ikkje bare i sjøleige, bøndene her åtte jamvel jordgods andre stader, mellom anna i Førde og Drange i Sunnhordaland. Det var tydeleg ikkje småfolk som budde på garden, tendensen gjennom tidene er jamt velstand.

Dagsland blei rekna som ein god gard og slapp avfolking etter Svartedauden. Tvert om fekk han venteleg lagt øydegardane Torland og Augland som tilleggsjord.

I verste øydetida kring 1520 heitte bonden her Anders. Han tok del i skatteopprøret mot danskekongen i 1519 og laut li

for det. Bota var hard, men ikkje verre enn at han framleis kunne rekna seg som ein halden mann om ikkje så rik som grinnen på Vatnaland. Ved sida av Alvestad var Dagsland den einaste busette garden som fekk bruksauke i fyrste helvta av 1500-talet. I 1563 heldt Knut og Erlend til her, begge jordgodseigarar. Samstundes kom det på ny folk til Torland.

Framleis ved inngangen til 1600-talet fanst det to familiar på Dagsland. Dei auka til fire mot midten av hundreåret og gjorde garden til den folkerikaste garden i bygda etter Boknaberg. Men det var stor skilnad i levekår mellom dei fire familiene.

Medan huslyden til Helge brukte 16 spann skyld og halvard sin 13 spann, laut Per og Lars nøya seg med 3 1/2 spann kvar. Jordvegen var tilsvarende fordelt. Det vil seia at bare dei to største brukta hadde hest. Og medan Helge åtte ein bøling på tolv mjølkekryr, måtte Per og Lars nøya seg med to - tri kvar. Også den kring 14 mål stor åkeren blei delt på tilsvarende vis. I grunnen var fire familiar i overkant av det garden kunne fø.

Under de voldsomme epidemiane mot slutten av hundreåret, fall helvta av folket frå.

Sidan budde det to brukarar på Dagsland heile 1700-talet til endes og inn på 1800-talet. Då steig talet på bønder på ny til fire. Nokon husmannsplass fann dei ikkje rom til før 1800.

AUGLAND

Augland blei også i periodar kalla "Øygard". Augland er eit nokkså vanleg namn i Rogaland og tyder "aukings land". Det vil seia "jord som blei rydda i tillegg", kansje opphaveleg til Dagsland.

Garden blei busett seinast for 1500 år sidan og husa så langt me veit aldri meir enn ein bonde. Som einaste garden i bygda høynde han frå mellomalderen av til Munkliv Kloster i Bergen. Korleis han hamna der, er uvisst. Kansje skjedde det i samband med at kong Øystein Magnusson grunnla klosteret kring 1100 slik at han i røynda er gammal kongsjord.

Ein så liten gard blei sjølvsagt avfolka etter Svartedauden. Og han blei liggjande lenge utan busetnad. Ved sida av Loden var dette den siste garden som blei

attrydda i Bokn og blei fram til vår eiga tid vore kalla "Øygarden".

Attryddaren var Isak Olsson som kom hit i 1630-åra. Dei første tri åra fekk han skatte- og leigefritak og kanskje jamvel litt støtte frå jordherrane med korn og til husbygging. Leigeavgifta var elles mellom dei lågaste i bygda, bare 9 spann (70 kilo) korn årleg. Isak sat med garden fram mot 1670 og var ein drivande kar. Før han gav seg, hadde han med primitive midlar brote seks mål åker og avla der nok til å fø familien sin.

Dertil skaffa han seg seks kyr og fjorten kyr og makta jamvel å løysa ut garden til sjølveige. ei god bekkekvern fekk han og reist seg, noko som ikkje var allemanns eige. Om lag slik var jordvegen sidan i 150 år.

Det viktigaste som skjedde på 1700-talet var at det slo seg ned ein husmann i Kleivå. Det skjedde ein gong i løpet av dei siste tiåra før 1800. På 1800-talet blei Kleivå skilt ut som eige bruk slik at ein inn på 1900-talet fekk to bruk på Augland.



BOKN KOMMUNE

FØRSKULESTART OG INNSKRIVING TIL 1. KLASSE

INNSKRIVING

Det blir innskriving til 1. klasse for barn født i 1984 og heimehøyrande i Bokn, onsdag 09.01.91 kl.1005 i tekstilrommet på skulen.

Det er ønskjeleg at minst ein av foreldra er med på innskrivinga.

Innskrivinga vil foregå om lag som følgjer:

Dei nye 1.klassingane blir tatt i mot av rektor og undervisningsinspektør med innskriving av namnene i ei klassebok.

Deretter får dei hilse på fadrane sine fra 5.klasse.

Fadrane vil ta 6-åringane med på ei omvisning i skulen og ei lita kosestund.

Mens omvisninga foregår får foreldra ei kort orientering.

Og det blir val av foreldrekontaktar.

Resten av dagen fram til kl.13.50 blir vanleg førskule med førskulelærar Tone Børgesen og hennar hjelparar.

FØRSKULE

Det blir førskule kvar onsdag fra 09.01.91 og ut skuleåret.

Førskulen varer frå kl. 1005 til 1350 og held til på skulen. Førskulen er eit frivillig tilbod. Det er likevel sterkt å håpe at alle vil gjere seg nytte av tilbodet. Det har mykje å seie for den einskilde at dei alle er saman om denne førebuininga til skulestart.

Dei som går i barnehagen vil få førskulen som ein del av barnehageoppphaldet.

For dei som ikkje går i barnehagen reknar ein at førskulen vil koste kr 160 pr. månad. I tillegg kjem betaling for melk, frukt m.v. Påmelding til styraren i barnehagen. Ho kan også gje nærmare informasjon.

Skulesjefen.

STIPEND

Dei som ikkje har søkt stipend til skuleungdom som tar

videreutdanning, må søkje omgåande.

Skulesjefen

MILJØPLAN FOR BOKN KOMMUNE

I samsvar med §16 i plan- og bygningslova kunngjer ein at arbeidet med miljøplan for Bokn kommune blir sett i gong. Interesserte kan koma med

innspel til planen. Ein vender seg til Bokn kommune, 4290 Føresvik, skriftleg, ved personleg frammøte på Boknatun eller tlf.74 85 00.

Rådmannen

BESTEMMELSER OM AVBRENNING AV FYRVERKERI

Disse bestemmelsene gjelder
SSI/DBE - godkjente
fyrverkeri-artikler.

Avbrenning av andre signal/lys
artikler er forbudt utover det
de er godkjent for.

Inntil videre gjelder
følgende, vedtatt av Bokn
brannstyre den 15.11.90:

GENERELT HELE ÅRET:

Med politiets og brannvesenets
tillatelse (skjema benyttes)
kan det avbrennes
fyrverkerisaker av personer
over 18 år under hensyntagen
av vanlige aktsomhetsregler.
Tillatelse gis bare unntaksvis
og vil vanligvis ikke bli gitt:

-I og nær skogmark på tørre
årstider.

-Utover sjøen når
småbåttrafikken er koncentrert
(f.eks. St. Hans-kvelden,
båthavner m.v.)

SPESIELT NYTTÅRSAFTEN:

I tidsrommet mellom 31.12.
kl.18.00 og 1.01. kl.02.00.
Enhver ansvarlig person over
18 år har fra politi og
brannvesen en generell
tillatelse til avbrenning av
mindre mengder fyrverkerisaker
under hensyntagen av vanlige
aktsomhetsregler.

For avbrenning av større
mengder fyrverkeri må spesiell
tillatelse innhentes.



**BOKN
FISKEMOTTAK A/S**
4290 FØRESVIK

For til enhver tid å ha
oversikt over hvem som kan
være interessert i arbeid på
Bokn Fiskemottak A/S ber vi
disse om å kontakte daglig
leder Bjørn Eirik Gundersen.
Du vil da bli registrert
fortløpende for senere kontakt
ved behov for ny arbeidskraft.

BOKN FISKEMOTTAK A/S
v/ Bjørn Eirik Gundersen
tlf. 74 86 00

JULETREFEST FOR UNGANE

Det vert juletrefest på
Kyrkjebygd skule , torsdag den
27. desember kl. 17.30.
Underholdning med framvising
av eventyrmusikalen "Ei
skummel nissehistorie".

Alle er velkommen!

Arr: Foreldrerådet ved skulen
og barnehagen.

AKSJESPARING MED SKATTEFRÅDRAG (AMS) SOM SPAREALTERNATIV

Kva er AMS ?

AMS er ein kollektiv

aksjeinvesteringsordning

tilpassa amåspararar. I staden for at den enkelte småsparar sjølv kjøper aksjer i ulike selskap, skyt han/ho inn pengar i eit aksjefond.

Aksjefondet bruker pengane til kjøp av norske aksjer og obligasjoner. På den måten vert småspararar sikra ei god risikospreiing og ein kan i dei fleste avisar kvar dag følgja med korleis verdiutviklinga er i "sitt" fond.

Kva tener eg på dette ?

a. Du får din del av avkastninga i fondet, enten i form av utbytte, verdistigning på andelene eller begge deler. Det kan i den sammenheng namnast at gjennomsnittleg avkastning på Oslo Børs dei siste 20 år har vore ca. 18% pr. år.

b. I tillegg får du 25% av det investerte beløpet att på skatten. (Innan visse rammer, sjå under)

Kor mykje kan eg investera kvart år i aksjefond ?

Du kan kjøpa så mange andeler du vil i aksjefond, og verdistigningen er skattefri etter 3 år.

Du får skattelette for inntil kr. 3.000 i kl. I og kr. 6.000 i kl. II + tilsvarende for eventuell ubenytt SMS-kvote. Kva tid kan eg ta pengane ut av aksjefondet ?

Du kan når som helst ta pengane ut, dvs. innløysa andelane.

Viss du gjer det før tre år er gått frå kjøpedato må du skatta av verdiauknen. Viss du gjer det før 4 år er gått frå kjøpedato må skatteletten du har fått betalast tilbake.

Korleis investerer eg i aksjefond ?

I alle bankar finnes enkle, delvis førehandsutfylte giro teikningsblankettar på ein del AMS-fond.

Denne vert sendt fondsforvaltaren som ein vanleg giro.

Ta turen til nærmeste bank for evt. utfyllande informasjon.

Arne Hosaas

GAMMALT OR BOKN

JULEGÅVE?

Dette vart namnet på det heftet som bygdeboknemnda nå har lagt ut for sal på butikkane i kommunen, på Aurora kiosk og i banken. Heftet kostar kr. 50,- og overskotet av salet vil gå inn i fondet for bygdebokarbeid. Heftet er på 84 sider. Her vert det som ein forsmak på bygdeboka som kjem i 1995 presentert på enkelt og rimeleg vis oversiktsartiklar, serien av gardshistoriar frå bygdabladet og artiklar

skrivne om Bokn og boknarar av Torkell Mauland, Elisæus

Vatnaland, Svein Ivar

Langhelle og han som skal skriva bygdebok for Bokn - Birger Lindanger.

Birger Lindanger og Linda

Ognøy har i samarbeid ansvaret for lay-out, og sistnemnde har stått for produksjonen av heftet. Framsida er trykt ved Sentraltrykkeriet i Haugesund, og framsidebildet er utlånt frå Torbjørn Nedrebø.

STOR FESTIVITAS TIL SOMMAREN

Det var først avsett den 21. desember i år til åpning av Boknasund Bru. P.g.a. at det etter kvart vart svært usikkert kor vidt brua ville bli klar for motorisert ferdslle innan denne datoен, er nå åpninga utsett til midt i januar.

Det vil då bli ei festleg ramme omkring åpninga, og ein håper difor at så mange som muleg møter fram.

Ein vil seinare koma tilbake til dette med nærrare kunngjering.

Til sommaren vert det stor markering av Bokn sitt fastlandssamband som då vert åpna for trafikk også når det gjeld ferjetrafikk Mekjarvik - Are. Då er heile prosjektet realisert.

I den siste veka av juni vil ein mobilisera alt som er av kultur og attraksjonar på

Bokn, og leggja opp til fest både for gamal og ung. Utanom fleire ulike arrangement gjennom veka, vil den store offisielle åpninga av Bokn-sambandet sannsynlegvis gå av stabelen den 28. juni. Til den offisielle delen er Kongen invitert, og det vil sannsynlegvis også bli ein folkefest for alle boknarane etterpå.

Bokn kulturstyre er hovedkomite for festdagane, medan lag og organisasjonar i kommunen skal stå for einskilde arrangement.

Kulturstyret ynskjer at nokon kunne koma med idear til ein spesiell souvenir for Bokn. Er det nokon som har forslag på det? Dersom nokon har idear om det, kan de kontakta Bokn kulturkontor eller andre i kommunen.

BOKN BYGDEBLAD

UTGJEVAR:

Bokn kommune
4290 Føresvik
Tlf. 04-748500
Postgirokonto nr. 5 68 45 01
Bankgirokonto nr. 3373.07.00305

BYGDEBLADNEMND:

Ingunn Våge
Arvid K. Jøsang
Liv Vatnaland

REDAKTØR:

Reidar Alvestad

ABONNEMENT:

Gratis til alle husstandar i Bokn.
Utanbygds: kr. 100,- pr. år.

ANNONSEPRISAR:

Heilside: kr. 300
Halv side: kr. 150
1/4 side: kr. 75
1/8 side: kr. 50
Små privatannonser: kr. 10,-.

FRIST FOR STOFF:

Den 20. i kvar mnd.
Bladet kjem ut med 10 nr. årleg.

B

ARRANGEMENT

- 07.12. Pensjonistforeningen
har møte kl. 17.30.
- 08.12. Teaterforestillinga
"Krokodillen og den
ville Vibeke Horn".
Familieforestilling v/
teatergruppa "Stella
Polaris".
Inng. p. kr. 10,-.
- 09.12. Luciafest kl. 19.30.
Arr: Bokn skulekorps.
- 27.12. Juletrefest kl. 17.30.
Arr: Foreldrerådet ved
skulen og barnehagen.
- 28.12. Fiskarfest.
- 28.12. Juletrefest på Bokn
bedehus.
- 04.01. Frelsesarrene har
juletrefest på Bokn
skule.
11. - 20. jan. i Bokn kyrkje:
Indremisj. har
møteaksjon.
Talar: Stein Solberg.

GUDSTENESTER

Desember: 9., 24. og 26.
(Den 24. kl. 14.00.)

Januar: 6. og 20.
Februar: 3. om kvelden.

KYRKJEBYGD SUNDAGSSKULE

16. desember
13. januar
27. januar

FOTPLEIE

Det vert fotpleie måndag den
10.desember og
måndag den 14. januar.
Påmelding til sosialkontoret i
tlf. 74 85 00.

TIL SALGS

1 termopan
vindu h. 1,60 x 2,50 .
1 komb. kamin olje/ved.
tlf. 74 85 33

INNSAMLING TIL BARNEHJEMMET "SECTIO DYSTROFICII" i romania
røde-korsbøssene er å finne i lokale butikker, og på andre
godt synlige steder pluss postkontoret

SR-BANK BOKN: HER GIS BIDRAGET TIL "BARNEHJEMSAKSJONEN"
KONTONR. 3373 0702030

Bokn Bygdablad vil herved
takka alle som har bidratt med

små og store innlegg til
bladet i 1990.